

Radøy kommune

Saksframlegg

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 006/2019 | Formannskapet i Radøy | PS | 12.03.2019 |
| 005/2019 | Kommunestyret i Radøy | PS | 12.03.2019 |

| Sakshandsamar | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|---------------|--------------|--------------|
| | 16/2147 | 19/3730 |

Justering av selskapsavtale og stiftingsdokument for Bergen og Omland Havn IKS

Saksopplysingar: Bakgrunn

Kommunestyret i Radøy handsama i møte 26. oktober 2017 sak om etablering av interkommunalt selskap (IKS) for den lovpålagde delen av hamneverksemnda.

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i sak 049/2017 – pkt 1:

Radøy kommune godkjenner at det vert etablert eit interkommunalt selskap, Bergen og Omland Havn IKS (BOH IKS), for å ivareta kommunen sine lovpålagte myndigheitsoppgåver, jf. hamne- og farvassloven § 10, saman med dei andre kommunane i hamnesamarbeidet i dagens BOH og BOH AS.

I påvente av nødvendige avklaringar, mellom anna knytt til fordeling av hamne- og bykassekapitalen i Bergen kommune, har overføring av hamneverksemnda frå BOH til Bergen og Omland Havn AS (BOH AS) og BOH IKS så langt vore sett på vent.

No har bystyret i Bergen i sak 29/19 mellom anna gjort følgjande vedtak:

«1. Bergen kommune gir sin tilslutning til havnerådets vedtak fra 7.12.2018 om overføring av havnevirkksomheten fra BOH til BOH AS. Dette er for øvrig i overensstemmelse med byrådets anbefaling og nærmere vurderinger i saken.»

I forkant av stiftingsmøtet for BOH IKS har leiinga i dagens BOH mellom anna gjort framlegg om å endra namnet på dette IKS-et til «*Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS*» (BOF IKS). Dette er gjort for å markera eit meir tydeleg skilje mellom det selskapet som skal ivareta samarbeidskommunane sine lovpålagde myndigheitsoppgåver knytt til hamne- og farvannslova, og den øvrige hamneverksemnda som skal overførast til BOH AS.

Det vart vidare gjort framlegg om å justera formålsparagrafen, samt gje det nye IKS-et lov til å ta opp lån for å finansiera eventuelle anleggsmidlar knytt til den operative delen av farvannsforvaltninga. Bakgrunnen for ovannemnde endringsforslag er nærmare omtalt i vedlagte notat frå BOH, datert 21.02.2019.

I nemnde møte vart deltakarane einige om å ikkje gjennomføra den formelle stiftinga av selskapet før det er gjennomført ei ny politisk behandling av oppdatert selskapsavtale og stiftingsdokument for BOF IKS (tidligere BOH IKS), først og fremst med bakgrunn i den nye § 10, nemleg tilgang for

selskapet til å kunne ta opp lån.

Følgjande paragrafar i selskapsavtalen og stiftingsdokumentet blir føreslege endra, jf. også vedlagte utkast:

§ 1 – Firmanavn

Frå:

«Selskapets firmanavn er Bergen og Omland Havn IKS («Selskapet»)»

Til:

«Selskapets firmanavn er Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS («Selskapet»)»

§ 3 – Selskapets virksomhet

Frå:

«Selskapet skal på grunnlag av delegasjon fra kommuner som er deltakere ivareta og samordne de havneoppgavene som gjelder offentlig myndighetsutøvelse i deltaker-kommunenes havnefarvann.»

Til:

«Selskapet skal på grunnlag av delegasjon fra deltakerkommunene ivareta og samordne de lovpålagte oppgavene, og utøve kommunenes myndighet etter havne- og farvannsloven og bestemmelser gitt i medhold av denne.»

§ 10 - Lån

Ny paragraf:

«Selskapet kan ta opp lån. Grensen for samlet låneopptak er NOK 15 millioner.»

Vurdering:

Rådmannen ser endringsforslaga i selskapsavtalen og stiftingsdokumentet for BOH IKS/BOF IKS som formålstenlege. Endringane vil bl.a. tydeleggjera selskapet si oppgåveportefølje sett opp mot den øvrige hamneverksemda, som skal utførast gjennom BOH AS.

Saka vert lagt fram til politisk handsaming av oppdatert selskapsavtale og stiftingsdokument for BOH IKS/BOF IKS, i samsvar med avgjerd som vart gjort på stiftingsmøtet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek dei føreslegne endringane i selskapsavtalen og stiftingsdokumentet §§1, 3 og 10, herunder at namnet på BOH IKS blir endra til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BOF IKS), og at selskapet får høve til å ta opp lån på inntil 15 mill. kroner.

Formannskapet i Radøy - 006/2019

FS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande fellesframlegg:

Radøy kommune ber det nye selskapet om å ikkje nytta forkorting som kan forvekslast med Bergen og Omland friluftsråd.

Fellesframlegg sett fram i møtet vart vedteke.

FS - vedtak:

Kommunestyret vedtek dei føreslegne endringane i selskapsavtalen og stiftingsdokumentet §§1, 3 og

10, herunder at namnet på BOH IKS blir endra til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, og at selskapet får høve til å ta opp lån på inntil 15 mill. kroner.
Radøy kommune ber det nye selskapet om å ikkje nytta forkorting som kan forvekslast med Bergen og Omland friluftsråd (BOF).

Kommunestyret i Radøy - 005/2019

KS - handsaming:

Formannskapet handsama saka i møte tidlegare same dag.

Ordførar refererte formannskapet si tilråding:

Kommunestyret vedtek dei føreslegne endringane i selskapsavtalen og stiftingsdokumentet §§1, 3 og 10, herunder at namnet på BOH IKS blir endra til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, og at selskapet får høve til å ta opp lån på inntil 15 mill. kroner.

Radøy kommune ber det nye selskapet om å ikkje nytta forkorting som kan forvekslast med Bergen og Omland friluftsråd (BOF).

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek dei føreslegne endringane i selskapsavtalen og stiftingsdokumentet §§1, 3 og 10, herunder at namnet på BOH IKS blir endra til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, og at selskapet får høve til å ta opp lån på inntil 15 mill. kroner.

Radøy kommune ber det nye selskapet om å ikkje nytta forkorting som kan forvekslast med Bergen og Omland friluftsråd (BOF).

Vedlegg:

Selskapsavtale for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS

Stiftelsesdokument for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS